

The New Wine til påskefesten

18.03.2013

Festidalen er klar for påskefest på Dønhaug og dette året kan dei også lokka med levande musikk. Bergensbandet The New Wine med kvartetten Johan Hatleskog, Geir Hermansen, Stian Iversen og Adrian Søgner stiller i låven.

Det ligg an til ein skikkeleg generalprøve på det som skal skje på seinsommaren!

Men som tradisjonen tilseier byrjar festen 30. mars klokka 19 med quiz der ein kan kapra flotte premiar.

Deretter spelar The New Wine og dei vil også styra showet frå DJ-bordet seinare på kvelden, meldar Festidalen som stadig utvidar repertoaret sitt.

Torsdag kveld skal dei letta på sløret for det i ein pressekonferanse på Handeland gard. Då skal dei også ha eit arrangement for hovudsponsor DNB.

Av Ola Matti Mathisen